



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/1654-6

Sakshandsamar: Tjøstov Djuve

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	21.10.2022	93/22
Eldreråd	31.10.2022	13/22
Ungdomsrådet	01.11.2022	11/22
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022	8/22
Helse og sosialutval	08.11.2022	19/22
Oppvekst, kultur og idretts utval	08.11.2022	23/22
Arbeidsmiljøutval	11.11.2022	10/22
Landbruk, miljø og teknisk utval	16.11.2022	43/22
Administrasjonsutval	17.11.2022	13/22
Formannskap	17.11.2022	109/22
Kommunestyre		

Budsjett 2023 - Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 - kommunedirektørens framlegg

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør, Finn Arne Askje 17.10.2022.

Vedlegg

- 1 Kommunedirektøren sitt framlegg til Budsjett 2023 - Handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026 - Vedlegg 1.
- 2 Tilleggsnotat - budsjett 2023 - 15.11.22

Bakgrunn for saka:

Budsjett 2022 – Økonomiplan (ØP) og handlingsprogram (HP) 2022-2025.

K.sak 22/51 - Budsjett 2023 – Økonomiplan og handlingsprogram 2022-2026 – budsjettprosess 2022

Vurdering

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023, økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026 (ØP) blir lagt fram til fråsegn i råd og utval. Vedtak i kommunestyret 16.06 og budsjettføringsmøte i formannskapet m.fl. 20.09, budsjettreportar for 1. og 2.kvartal 2022, politiske føringar i revidert nasjonalbudsjett og statsbudsjettet, samt innspel frå etatane og Kyrkjeleg fellesråd er grunnlaget for framlegget.

Økonomiske føresetnader i budsjettframlegget er m.a. 3,7% løns- og prisvekst (deflatoren) i 2023, som i statsbudsjettet. Men me fryktar at dette kan vera noko lågt i og med den store prisauken som har vore i 2022. Det blir vidare rekna med 5,0% lånerente og låneavdragstid på 30 år.

Varierende kraftprisar dei seinare åra og framlegg til endringar i lovar og reglar vedkomande inntekter frå konsesjonskraft og eigedomsskatt som kom nå i samband med statsbudsjettet gjer budsjettarbeidet utfordrande. Krig i Europa og vanskelege tider med stor pris- og renteauke det same. Inntektene frå konsesjonskraftsalet, og kraftinntekter elles, er såleis usikre, men er nå sett til kr 37 mill. netto i 2023 og kr 26 mill. i økonomiplanen 2024-2026. Staten reknar med ein kraftpris på 193,93 øre i 2023, men me har nedjustera desse inntektene med kr 22 mill. Det er rekna med 40 øre vidare i ØP. Pristaket er sett til 38 øre, som i 2022.

Staten reknar med at me skal drive billigare og kompenserar bare 2,9% i dei frie inntektene i rammetilskotet, men reknar med 3,7% kostnadsvekst.

Kommunestyrets langsiktige mål om netto driftsresultat på 3,0% blir nådd i budsjettframlegget for 2023. Vedteken økonomiplan i desember 2021 hadde 2,1% som netto driftsresultat i 2023, men nå tilrår me budsjettering med + 4,8% som netto driftsresultat i 2023. Resultata vidare i økonomiplanen er svakare, 0,1% i 2026, men mykje vil nok endre seg fram til då. Folketalsutviklinga kan gjera at innsparingar må til for å få til brukbare driftsresultat i åra etter 2023/2024. Eventuell større svikt i inntektene og større drifts- og kapitalutgifter vil gjera budsjettarbeidet framover vanskeleg.

Framlegg til budsjetttrammer for etatane byggjer på budsjettet for 2022 og kommunestyret sitt vedtak til handlingsprogram og økonomiplan i desember 2021. Kommunedirektøren tilrår nå at planområda blir tilført i alt kr 11,4 mill. i auka driftsramme for 2023, jf tabell 3. Av dette er kr 4,9 mill. resultat av tidlegare politiske vedtak. Auken synest stor, men etter kommunedirektørens syn nødvendig nå. Føremålet er todela: for det fyrste skaffe kompetanse og gje opplæring før tilsette vel å gå av med pensjon og for det andre få teke noko av etterslepet på vedlikehald. To årsverk på planområde 4 er såleis mellombels. Det blir også oppretta ei LIS 3 legestilling. Grunnen er også her todela: for det fyrste vil me sleppe vikarbyrå ved avviking av permisjon og ferie, legane har fire månaders utdanningspermisjon tredje kvart år (dvs. ein kvart år). For det andre blir det hyppig vaktbelastning for legane, så me oppnår Tokkes plikter i legevaktsamarbeidet. Legar over 55 år kan be seg fritekne frå legevakt.

Integreringsarbeidet er i godt gjenge, men det er vanskeleg å rekruttere personell til dette arbeidet, vaksenopplæring m.m. Førebels er det budsjettert kr 2,3 mill. til dette arbeidet på planområde 2 frå integreringstilskot. Kommunedirektøren tilrår at ytterlegare budsjettjusteringar dekt av integreringstilskot blir delegert administrasjonen. Kommunedirektøren ser det som naudsynt å setje inn godt med tiltak ved mottak av flykningar i VO, barnehage og skule. Det vil bli teke ein ny vurdering av bruken av ressursar ved nytt barnehage-/skuleår.

Vedlegg 1 syner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 med økonomiplan (ØP) og handlingsprogram (HP) 2023-2026. Dokumentet har fleire tabellar som syner budsjettala.

Framlegg til driftsbudsjettammer for 2023 og 2023-2026 går fram av tabell 1 og investeringsplan for 2023-2026 går fram av tabell 2. Prioriteringa av tiltak og innsparingar innan driftsbudsjettet med nærare vurdering av konsekvensane på kvart enkelt tiltak går fram av tabell 3. Netto innsparingar eller tillegg i ramma pr planområde i tabell 3 er lagt inn i økonomiplanen i tabell 1. Tabell 6 blir vedlagt saka etter endeleg vedtak.

I framlegget til budsjett har kommunedirektøren tilrådd ein auke på 3,0% av dei kommunale vass- og kloakkavgiftene, jf vedlegg 1 pkt 9 Kommunale avgifter og brukarbetaling.

I **investeringsplanen** er lagt inn midlar til prioriterte tiltak, finansiert av lånemidlar, momskompensasjon, eksterne tilskot og driftsmidlar, i alt kr 204 mill. i åra 2023-2026, jf tabell 2.

Administrasjonen arbeider vidare med budsjettala fram mot formannskapet si endelege innstilling 23.11.22.

Kommunedirektørens tilråding

1. Budsjett 2023, handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026.

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023, med vedlegg, jf pkt 11 og 12 i vedlegg 1 (tabell1, 2, 3, 4, 5 og 6) skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som følgjer av kommunestyret si handsaming. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 13.12.22.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3,0%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det.
Kommunedirektøren delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Kommunedirektøren justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. Konesjonsavgiftene for 2023 – kr 8,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 4,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar 4,0 mill).
- e. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2023 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

2. Gebyr, avgifter brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 9 i handlingsprogrammet. Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 3,0% i 2023. Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

3. Inntektsramme for drifta

Driftsbudsjettet for 2023 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 i HP.

4. Budsjetttiltak

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjetttiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

5. Fordeling av utgifter mellom etatane.

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

6. Investeringar.

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2023 i tråd med tabell 2 og 5 i budsjettframlegget/HP.

7. Låneopptak

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån med inntil 31 mill. kr. i 2023.

8. Eigedomsskattevedtak for 2023

a) Verkeområde:

For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

Det skal i tillegg skrivast ut eigedomsskatt på dei same verk og bruk som i 2023, og som frametter blir rekna som nærings eigedom – jf overgangsregel til eskl § 3.

b) Eigedomsskattesats:

Eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf eskl. § 11 fyrste ledd.

c) Terminar:

Skatten skrivast ut i to terminar, jf eskl § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

9. Sal av konsesjonskraft

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 38 øre for 2023, ekskl. nettleige og alle avgifter.

10. Kontrollutvalet

Kommunestyret vedtek budsjett for 2023 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 870 000, i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

11. Lærlingar og tillitsvalde

Administrasjonen får fullmakt til å omfordele lønsmidlar til lærlingar og tillitsvalde mellom planområda. Desse utgiftene skal fylgje ansvarsområdet der dei til vanleg arbeider.

12. Integrering

Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere og budsjettjustere inntekter og utgifter i samband med integreringsarbeidet og statlege integreringstilskot.

